

Vannregion Vest-Viken



ÅRSRAPPORT

2018

Tokke-Vinje vassområde



vann fra fjell til fjord

Innhald

1 Innleiing	3
1.1 Hovudaktivitetar i 2018	3
2 Organisering av arbeidet i vassområdet	3
3 Økonomi	3
3.1 Rekneskap 2018	3
Inntekter	3
Utgifter	4
4 Samarbeidspartnarar i vassforvaltningsarbeidet	4
5 Medverknad og eigarskap til vassforvaltningsarbeidet	5
6 Tiltaksoppfølging	5
6.1 Arbeid med oppfølging av tiltak i 2018	5
6.2 Nye rapportar frå biologiske undersøkingar	6
6.3 Vilkårsrevisjonen	8
7 Utfordringar og flaskehalsar	8
8 Behov i vassområdet framover	9
8.1 Økonomiske og personellmessige ressursar	9
8.2 Kompetanse	9
8.3 Planar	9
Anna	9

1 Innleiing

Denne årsrapporten gjev ei oppsummering av aktiviteten i vassområdet og korleis den regionale vassforvaltningsplanen i vassregion Vest-Viken er følgt opp i 2018.

1.1 Hovudaktivitetar i 2018

- Gjennomføring av overvakingsprogram.
- Utarbeiding av vedlegg 6 til høyringsdokument 2: Hovudutfordringar i vassområde Tokke – Vinje.
- Oppdatering av tiltaksmodulen i Vann-Nett.
- Oppfølging av vilkårsrevisjonen for konsesjonane i Tokke-Vinjevassdraget.

2 Organisering av arbeidet i vassområdet

Tokke-Vinje vassområde blei etablert 1.1.2008. .

Dagens organisering:

- Vassområdeutvalet består av 3 formannskapsmedlemar frå kvar kommune, med ordførarar. I tillegg møter ofte rådmennene med saksbehandlarar. Utvalet er identisk med det såkalla Kraftutvalet, som i tillegg til vassforvaltning etter vassforskrifta også arbeider med saker om konsesjonskraft, skattlegging av kraftverk mm. Utvalet har 1 – 2 møte i året.
- Til møta i arbeidsgruppa blir dei kommunale etatane for landbruk og kommunalteknikk invitert, saman med Fylkesmannen, fylkeskommunen, Statkraft og andre viktige brukarinteresser, som Bandak fiskelag og Tokke Jeger og Fisk. Gruppa har eit par møte i året.
- Kommunane har sidan våren 2008 gjort avtale med Faun Naturforvaltning om kjøp av tenester. Det gjeld i fyrste rekke arbeid med vassforvaltningsplan og tiltaksanalyse, men også med vilkårsrevisjonen for kraftutbygginga i vassdraget. Faun Naturforvaltning har også hatt ansvar for registrering i Vann-nett og for organisering og gjennomføring av tiltaksovervakning i vassområdet.
- Rekneskapsansvarleg for vassområdet er Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen, merk prosjekt 1004, konto 2685 07 02968.
- Vassområdekoordinator har fungert som sekretær for vassområdeutval/kraftutval og for arbeidsgruppa.

I samband med fysiske tiltak utført av Statkraft i Tokkeåi er det etablert ei eiga referansegruppe under leiing av Fylkesmannen i Telemark ved fiskeforvaltar Irvin Kilde.

3 Økonomi

Rekneskapen viste eit underskot på kr 4 459,-

3.1 Rekneskap 2018

Inntekter

Post	Inntekt, kr	Kommentar
Tokke kommune	60 000	Lønstilskot
Vinje kommune	60 000	Lønstilskot
Vest-Viken vassregion	175 000	Tilskot
Telemark fylkeskommune	90 000	Tilskot

Statkraft	35 000	Tilskot til overvaking
Fylkesmannen i Telemark	120 000	Tilskot til overvaking
Miljødirektoratet	48 750	
Samla inntekter	588 750	

Utgifter

Post	Utgift, kr	
Lønsutgifter	120 000	Bruk av kommunetilsette
Overvaking	145 000	Til Faun Naturforvaltning
Naturfaglege tenestar vassdirektivet og vilkårsrevisjonen	149 959	Til Faun Naturforvaltning
Vurdering av Tokkeåi	178 250	Til Multiconsult og UiA
Samla utgifter	593 209	

Merk: Alle beløp er eks. mva.

Statkraft brukar kvart år eit betydeleg beløp på kjøp av konsulenttenestar og rapportar som gjeld miljøtiltak og undersøkingar av tilstanden i vassdraget. Arbeidet med fysiske tiltak i Tokkeåi vart stort sett avslutta i 2018 og i 2018 har Statkraft nytta om lag 1,3 mill kr til fysiske tiltak og fiskeundersøkingar i vassdraget.

4 Samarbeidspartnarar i vassforvaltningsarbeidet

Ein føresetnad for å nå dei vedtekne miljømåla for vassførekomstane er at alle med sektoransvar for aktuelle tema er aktivt med både under planlegging og gjennomføring av tiltak. Plan- og bygningslova og vassforskrifta slår fast at offentlige aktørar har plikt til å bidra, i tillegg til reglar om medverknad frå andre interesserte, mellom anna. gjennom høyringar.

I Tokke-Vinje vassområde har desse vore aktivt med i vassmiljøarbeidet:

Aktør	Styrings- gruppe	Arbeids- gruppe	Prosjekt- gruppe	Anna/kommentar
Vassregionen				Morten Eken
Fylkesmannen i Telemark		X	X	Arne Kjellsen
Telemark fylkeskommune		X		Ingrid Strande fram til 1.3. Gørli Bruun Andersen/Anita Cecilie Kirkevold frå 1.3.
Tokke kommune I	X	X	X	Olav Bjørn Bakken
Vinje kommune II	X	X		Dorthe Huitfeldt/Ida Larsen Reinsviki
Utviklingsutvalet, Tokke		X		
Plan og miljøutvalet, Vinje		X		Thor Christiansen
Friviljuge i Bandak fiskelag		X	X	Kai Brattestå

Friviljuge i Tokke JFF		X	X	Bjørn Olav Haukelisæter, Birger Gauslå
Grendelag mv.		X		
Regulant (Statkraft)		X		Jostein Kristiansen
Tiltaksgruppe Tokkeåi			X	Irvin Kilde

5 Medverknad og eigarskap til vassforvaltningsarbeidet

Nettverksbygging og bevisstgjerung er viktig for at flest mogleg skal få eigarskap og positive haldningar til godt vassmiljø som eit evigvarande og fornybart fellesgode. Å vera opne og legge til rette for å vera med har derfor vore eit førande prinsipp for planarbeidet både lokalt og regionalt.

- Arbeidet med vassforvaltningsplanen og vassforskrifta har vore samkøyrde med revisjonen av vilkåra for vasskraftkonsesjonane i Tokke-Vinjevassdraget. Håpet var at miljømåla i vassforvaltningsplanen skulle vera førande for resultatet i revisjonssaka. Slik ser det ikkje ut til å bli, men gjennom arbeidet med vassforvaltningsplanen er det skapt nyttige diskusjonsforum og oversikt over eigenskapar og problemstillingar i dei enkelte delane av vassområdet.
- Samarbeidet med Fylkesmannen og vassregionen ved Telemark fylkeskommune har vore godt. Dei kommunale etatane har vore med i varierende grad ettersom det har vore saker innanfor deira fagområde.
- Omsynet til vassmiljøet har vore til stades i lokale planar, forvaltning og utøvande aktivitet.
- Forutan kommunar og fylkesmann har friviljuge lag og organisasjonar representert ved Tokke JFF, grendelag og enkeltpersonar etterspurt innspel, informasjon og faglege vurderingar, særleg knytt til revisjonssaka men også til spørsmål om algevekst, fisk mv.
- Vassområdekoordinator har i stor grad vore ansvarleg for årlege rapportar frå tiltaksovervaking og registrering av miljøtilstand.
- Samarbeidet med dei friviljuge organisasjonane har til tider vore krevjande men godt. Stort engasjement og påskuv lokalt er viktig for å halde trykket oppe i viktige spørsmål, som revisjonssaka.
- Tilhøvet til Statkraft lokalt blir opplevd som bra.

6 Tiltaksoppfølging

Gjennom tiltaksanalysen har vassområdet identifisert dei tiltaka ein reknar som nødvendige for å nå de vedtekte miljømåla. For vassførekomstar med risiko for ikkje å nå måla skal tiltaka vera operative (gjennomført eller sette i verk) seinast 3 år etter at regional plan for vassforvaltning er vedteken, dvs. innan utgangen av 2018.

Ansvar for gjennomføring av tiltaka er adressert til dei som har ansvar og verkemiddel innanfor temaområdet for tiltaka. Tiltaksgjennomføring er ikkje rettsleg bindande, men i planlovverket ligg det klare føringar og forventingar om at alle mynde skal gjera sitt for å oppnå miljømåla. Dersom dette ikkje blir gjort kan overordna mynde gripe inn med dei verkemidla som har heimel i sektorlovverk og i plan- og bygningslova.

6.1 Arbeid med oppfølging av tiltak i 2018

Fisketropp forbi Helveteshylen:

Med ny informasjon om kor mykje Helveteshylen faktisk blei senka i samband med Lio kraftverk synes det sannsynleg at auren kunne ta seg forbi fossen før reguleringa. Gamle bilete og studiar av topografien i elva stør opp om dette. Det er også dei som held det for sannsynleg at fisk kan ta seg forbi fossen slik han er nå, under særst gunstig vassføring. Vassområdet søkte derfor i 2017 om tilskot til prosjektering av fisketropp, men fekk avslag. Avslaget blei påklaga og 31.1.2018 kom det svar frå Klima og Miljødepartementet:

- Departementet aksepterer at Tokkeåi har ein sikker storaurebestand.
- Gjeldande konsesjonsvilkår gjev heimel for pålegg til Statkraft.
- Ein vil vera restriktiv med å opne for nye lakseførande strekningar, av omsyn til eksisterande fauna.
- Ein etterlyser dokumentasjon på om eller i kva grad storauren tidlegare tok seg forbi Helvetesfossen.
- I kva grad Statkraft skal påleggast å prosjektere og bygge fisketropp vil bli nærare avklara gjennom revisjonen av konsesjonsvilkåra for reguleringa av vassdraget.
- Før revisjonssaka er avgjort kjem ikkje departementet til å føretake seg noko meir for å få til fisketropp i Tokkeåi.

Spesielt om fysiske tiltak i Tokkeåi 2018:

- Ombygging av tersklane rundt Buøy
- Tilkøying av ca 130-150 tonn stor stein
- Ombygging av sideløpa ut av Asiahylen, senka ca 15-20 cm
- Restpunkt ved Hakjesflotthylen er gjennomført. Brekka er senka enda meir, kanten mot fotballbanen er sikra, det er lagt ut mykje storstein og bekken mot idrettshallen er opna.
- Indre løp mot Huvestad blei harva og tersklane blei modifisert og stor stein lagt ut.
- Mykje stor stein er lagt ut frå Geishyl og opp mot Åmøtehylen, og nedanfor hølen er det grave ut ei vik.
- Brekka på Åmøtehylen er tilført stor stein og mykje stein/grus frå den utgravne vika nedstraums.
- Betongterskel i indre løp ved Buøy er opna med to løp.
- Tersklar i indre løp Buøy er litt senka.

Tiltaket er utført av lokale entreprenørar i samarbeid med UNI Miljø og på oppdrag frå Statkraft.

6.2 Nye rapportar frå biologiske undersøkingar

Heggenes, J, Fjeldheim, P.T., Karlsson, T., Schartum, E., Moland Olsen, E. og Moland, E. 2018.

Hydrokaustiske undersøkelser av vandringsadfærd og habitatbruk til ørret (Salmo trutta) i Bandak og Tokkeåi i Telemark 2014 - 2016. Høgskolen i Sørøst-Norge. Skriftserien nr 30.

Det viste seg vanskeleg å få tak i større aurar. I 2014 blei det merkt 2 stk > 1 kg og i 2015 7 stk > 1 kg, i tillegg til ein del mindre aurar. Aurar merkte i deltaområdet syntest å vera nokså stadbundne, medan aure merkte ute i Bandak vandra mykje meir, også vertikalt. Nokre av aurane vandra ut heile Bandak til Straumen for å gyte, medan andre vandra opp i Tokkeåi og nokre heilt opp til Helveteshylen. Langt dei fleste vandra opp på fallande vassføring etter ein flaumtopp og på 20 – 50 m³/s. Det var i det heile store individuelle variasjonar i vandringer og habitatbruk. Også storaure frå Vestvatna kan bruke Tokkeåi som rekrutteringsområde. Aureungar i elva er i hovudsak stasjonære, men mange av dei vandrar likevel ut i deltaområdet.

Brabrand, Å., Olstad, K., Saltveit, S.J., Pavels, H., Dokk, J.G. og Johnsen, S.I. 2018. Fiskebiologisk undersøkelse av Bandak, Telemark. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, rapport nr 72, 39 s.

Det er utført prøvegarnsfiske i Bandak og elektrofiske i deltaområdet, Lårdalsåi, ved Straumen og i strandsona. I dei frie vassmassane 0 – 6 m djup utgjorde sik 85 % av garnfangsten. I strandsona var det 90 % aure og i djupområda 72 % røye. I deltaområdet var det aure som dominerte. Auren hadde i 2017 same vekstmønster som ved tidlegare undersøkingar (1997 og 2011), med dårleg til moderat vekst fram til 7 års alder og avtakande vekst vidare. For storaure har eit materiale frå 2010 – 2011 vist stabil uthaldande vekst fram til ein alder på meir enn 15 år. Siken stagnerer i vekst ved ei lengde på 30 – 32 cm. Aldersfordelinga tyder på ein akkumulert bestand av gammal fisk. I tillegg til Tokkeåi gyter auren også i strandsona til Bandak, men det er Tokkeåi som er det viktige gyteområdet. Storaure er sårbar for fiske, og kontroll med uttaket av fiskeetande aure blir rekna som eit viktig forvaltningstiltak for storauren i Bandak.

Saltveit, S.J. Brabrand, Å., Bremnes, T. og Pavels, H. 2018. Overvåkning av fiskebestandene i Tokkeåi, Telemark. Resultater fra undersøkelsen i 2018. Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo, rapport nr. 75, 17 s.

Elfiske på 7 stasjonar i Tokkeåi og 2 stasjonar i Dalaåi, dei same stasjonane som er nytta tidlegare i 2011 – 2013 og 2016 – 2017 viste låg tettleik av årsungar (0+) og eldre aureungar i høve til tidlegare, men ikkje statistisk signifikant lågare enn før (2013).

Pulg, U., Espedal Olsen, E., Strand, S., Postler, C. 2018. Kartlegging av gyte- og oppvekstområder for storaure i Tokkeåi i Telemark 2015 – 2017. Uni Research Miljø, LFI Bergen, rapport nr 307, 42 s.

13 km av elva, frå Bandak og opp til vandringshinder i Ravnejuv blei kartlagt med bruk av snorkling og dronar med fotografering. Kvaliteten på skjul for ungfisk er registrert med målingar innanfor rammar lagt ned på substratet i elva. Opp til Helveteshylen blei det registrert 8020 m²gyteareal og 1675 m² gyteareal mellom Helveteshylen og Ravnejuv. Det blir rekna som sannsynleg at stor aure på visse vassføringar og temperaturar tidlegare kunne greie å ta seg opp Helvetesfossen.

Kiland, H., Våge, K., Engh, A., Stabell, T., Wold Hereid, S. 2019. Overvåking av økologisk tilstand og vasskjemi på utvalde stasjonar i Tokke-Vinjevassdraget 2018. Faun rapport 035-2018.

I 2018 er det utført registrering av vassvegetasjon i Grungevatn og Tveitevatn. Det er teke prøver av påvekstalgar og botndyr på 3 stasjonar i Kjelavassdraget og på 4 stasjonar i eit uregulert vassdrag i Rauland. På alle elvestasjonane er det teke vassprøver og bakterieprøver. Førekkomsten av botndyr viser svært god og god økologisk tilstand på alle stasjonane så nær som i bekken mellom Uvatn og Farhovdtjønne, der den økologiske tilstanden må karakteriserast som moderat. Analysane av påvekstalgar viste god og særskild god tilstand på alle stasjonane. Det same gjaldt bakteriar og vasskjemi. Førekkomsten av karplantar viste god/særskild god tilstand med omsyn til eutrofiering og forsuring i Grungevatn og Tveitevatn, men med kraftige belte av elvesnelle i Grungevatn. I Grungevatn er det i tillegg mykje algar, medan Tveitevatn har mykje kjøllevmose (*Fontinalis darlearlica*).

Andre rapportar:

Brattestål, K., Gauslå, B. og Haukelidsæter, B.O. 2018. Fakta om menneskapte vannføringsendringer i Tokkeåi. Notat 20 s.

Her søker forfattarane å dokumentere episodar med brå reduksjon i vassføring når Lio kraftverk blir stengt, og kva konsekvensar slikt har for stranding av botndyr, bekkeniauge og aureungar. Det er vist at kraftverket har blitt stengt i periodar med gyting for bekkeniauge, med påfølgjande massedød av niauge.

6.3 Vilårsrevisjonen

Statkraft kom med sine merknader til NVE i juli 2018 (Vilårsrevisjon Tokke-Vinjereguleringen, Statkrafts kommentarar til justerte revisjonskrav. Vedlegg til oversendingsbrev). Her blir stort sett alle krav avvist. Det gjeld framlegget om å opne dei regulerte sidebekkane til Tokkeåi for å sikre temperert minstevassføring og det gjeld krav om minstevassføring i Mosåi, Dalaåi, Boravassdraget og Bituåi. I Tokkeåi er det sidan 2010 praktisert sjølvpålagde restriksjonar. Her ønskjer Statkraft å stå fritt:

«Statkraft mener at ønsket om permanent vanndekket areal i Tokkeåi best kan løses ved å videreføre dagens praksis med en nedre vannføring på 4 m³/s i nedre del av Tokkeåi. Denne praksisen i kombinasjon med dagens nedkjøringspraksis og installasjon av et omløpssystem i Lio kraftverk, vil minimere stranding av fisk. Krav om installering av omløpsventil og størrelsen på denne, må ses i lys av et eventuelt krav om minstevannføring på strekningen oppstrøms utløpet fra Lio kraftverk.»

Statkraft avviser også alle krav om magasinrestriksjonar: «Statkraft er som tidligere åpen for å videreføre dagens manøvreringspraksis av Vinjevatn, Totak og Ståvatn, men avviser formalisering».

Det synes som om Statkraft meiner Vinjevatn skal haldast utanom revisjonen: «Konsesjonen for Vinjevatn er gitt etter vassdragsloven fordi det ikke er en regulering. Vassdragsreguleringsloven gir følgelig ikke hjemmel for revisjon av konsesjonen for Vinjevatn».

Når det gjeld habitatforbetringstiltak viser Statkraft til standard naturforvaltningstiltak, som ein ventar vil bli innført.

7 Utfordringar og flaskehalsar

I staden for å ha ei eiga kommunal stilling eller delar av ei slik stilling som vassområdekoordinator har kommunane heller valt å kjøpe tenestar frå Faun Naturforvaltning i Fyresdal. Det gjer det meir fleksibelt for kommunane og sikrar tilgang på god kompetanse. Ulempene ved ordninga er fyrst og fremst avstand til dei kommunale etatane og at ein ikkje er del av den kommunale organisasjonen. Samarbeidet med kommunane har likevel fungert godt. Omfanget av tenestane er avhengig av årlege avtalar om oppdraget og er derfor også avhengig av budsjetteringa i kommunane.

Turisme og reiseliv er i dag hovudnæringa i Vinje, som nå er den 4. største hyttekommunen i landet. Meir enn 90 % av hyttene blir bygd i Vågslid og Rauland, og nesten alle dei nye hyttene blir kopla til kommunale reinseanlegg med krav til 95 % fjerning av fosfor. Bruken av hyttene varierer sterkt gjennom året, og markerte toppar i påska mv. gjev utfordringar for reinseanlegga og kan redusere reinseeffekten noko.

E 134 står føre store utbetringar, i mange tilfelle nær vassdrag. Avrenning frå veg, tunnelar og sprengstein frå tunnelar og fjellskjeringar kan gje utfordringar for livet i vatn. Det har tidlegare vore lokale problem med tilførsel av husdyrgjødsel frå utette eller utilstrekkelege gjødsellager, dimensjonering i høve til spreieareal med vidare. Men dette synes dei siste åra å ha blitt tydeleg redusert.

Det er fleire som har klagt over algevekst og over at vatna gror igjen. Det gjeld særleg delar av Kjelavassdraget med Tveitevatn og Grungevatn. Prøver av algane viser at det dreiar seg om ganske vanlege algar typisk for næringsfattige vassførekomstar. Men omfanget av algeveksten kan likevel gje store problem for bruken av vatnet, mellom anna med garnfiske. I dei to vatna er det også kraftige belte med elvesnelle. Så lenge ein har sediment av finsand på grunt vatn er det vanskeleg å få gjort noko med det. Vurdering av miljøtilstand etter vassforskrifta fangar ikkje alltid opp krava til brukarinteressene (fiske, friluftsliv).

Det er heile tida eit spørsmål om i kva skala ein skal registrere miljøtilstand; om det er på vassførekomst eller på eit mindre bekkenivå.

8 Behov i vassområdet framover

Ein reknar med at nye konsesjonsvilkår vil gje høve til nokre fleire tiltak i vassdraget. I fyrste omgang undersøking og prosjektering og seinare gjennomføring. Mykje av dette arbeidet må utførast av andre, på oppdrag frå Statkraft. Men vassområdet må følgje med og i samarbeid med fylkesmannen ha kontroll med kvaliteten på det som blir gjort.

8.1 Økonomiske og personellmessige ressursar

Post	2018	2019	2020	2021
Stilling (%), vassområdekoordinator	20	20	20	20
Løn inkl. sos. utg., vassområdekoordinator	150 000	150 000	150 000	150 000
Følgjekostnader (kontorhald, møte, kurs, reiser mm.)	50 000	50 000	50 000	50 000
Leigd hjelp	50 000	50 000	50 000	50 000
Overvakingskostnader	150 000	150 000	150 000	150 000
Anna				
	400 000	400 000	400 000	400 000

8.2 Kompetanse

Vassområdet har vore representert på 1 samling som er halde av fylkeskommunen i Skien. Som tilsett i Faun Naturforvaltning har vassområdekoordinatoren vore engasjert i fleire overvakingsprogram i andre vassområde og i basisovervaking av referansesjøar i Agder, Telemark og Rogaland (ØKOFERSK).

8.3 Planar

Fram mot 2021 skal dei regionale vassforvaltningsplanane med tilhøyrande tiltaksprogram oppdaterast i heile Norge. I samband med dette er det i 2018 laga eit dokument om hovudutfordringar for neste planperiode 2022 – 2027. Dokumentet blir sendt til på høyring våren 2019. For vårt vassområde er det laga eit eige vedlegg; Vedlegg 6 til høyringsdokument 2: Hovudutfordringar i vassområde Tokke-Vinje.

Anna

Fagrapportar og andre rapportar frå det som er utført i vassområdet er lagt ut i Vannportalen, <http://www.vannportalen.no/vannregioner/vestviken/vannomraader/tokke-vinje-vassomrade/>